



Hardanger og Voss Museum ved Trude H. Letnes

Dato: 20.06.2014
Vår ref.: 2014/11256-5
Saksbehandlar: anethom
Dykkar ref.:

Hardanger og Voss museum – endring av vedtektene – fråsegn frå fylkeskommunen som eigar av Kabuso

Oversender vedtak fra fylkesutvalet.

Anna Elisa Tryti
fylkeskultursjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/11256-2

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Øivind Rune Bjørkås, Per Morten Ekerhovd, Ronny Skaar

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------------------|--------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet | 73/14 | 13.05.2014 |
| Fylkesutvalet | 130/14 | 20.05.2014 |

Hardanger og Voss museum – endring av vedtektene – fråsegn frå fylkeskommunen som eigar av Kabuso

Samandrag

Styret i stiftinga Hardanger og Voss museum gjorde i møtet 7. januar 2014 vedtak om fleire endringar i stiftinga sine vedtekter. Dei ba om tilbakemelding frå dei sju eigarstyra, blant desse Hordaland fylkeskommune som eigar av Kunsthuset Kabuso. Ei kvar endring av vedtektene til ei stifting er etter lova rekna som omdanning. Uttale frå eigarstyra skal leggjast ved søknaden til Stiftingstilsynet om omdanning.

Vedtektsendringane kan samanfatta i følgjande fem hovudpunkt:

1. § 2 Formålsparagraf: Bortfall av omtalen av Hardanger Fartøyvernssenter si oppgåve innan sosialpedagogikk.
2. § 5 Styret: Forslag om at styret vert redusert frå 10 til 7 representantar. Samansettinga av styret vert endra frå at kvart eigarstyre har ein representant i styret i tillegg til tre tilsette representantar, til at 1 medlem med varamedlem vert vald av Hordaland fylkeskommune, 4 medlemmer og to varamedlem vert vald av rådet for Hardanger og Voss museum, 2 medlemmer vert valde av og mellom dei tilsette. I samsvar med ein reduksjon i talet på styremedlemmer vert § 13 Vedtektsendringar endra frå at vedtak om endringar kan gjerast med 7 av 10 røyster til 5 av 7 røyster. § 6: Styret sitt ansvar og mynde. Paragrafen får eit tillegg om at styret skal leie arbeidet med stiftinga i samsvar med føremålet.
3. Ny § 9 Rådet sitt ansvar og mynde: Rådet skal velje fire styremedlemmer og 2 varamedlemmer i prioritert rekkjefølge. Rådet vel styreleiar og nestleiar for to år av gongen. Rådet skal velje medlemmer til valnemnda og utarbeide retningslinjer/kompetansekrav for nemnda i samarbeid med styret. Rådet skal gje uttale til styret om årsrekneskap og årsmelding, langtidspanar og årsplanar, og andre planar som styret legg fram for rådet.
4. Ny § 10 Valnemnd: Museet skal ha ei valnemnd på tre medlemmer som vert valde av rådet for tre år.

5. § 12 Eigedom: Hardanger og Voss museum har eigedomsretten til museumsgjenstandar, eigedomar og bygningar innkjøpt etter 1.1.2012.

Endring i samansetting, talet på styremedlemmer og oppnemning av styret skal sikre breidde i kompetanse og gje rådet ein annan og meir konkret funksjon. Hardanger og Voss museum vil oppnå ein styringsstruktur som speglar tilknytninga museet har til kommunane som regionsmuseum, og vil såleis at kommunane skal få formell styringsmoglegheit.

Vedtektsendring knytt til § 12 vart handsama av eigarstyra i 2011 og fekk tilslutning av desse, og er såleis ei harmonisering av denne endringa. På rådsmøte i Hardanger og Voss museum 7. januar 2014 var rådet einstemmig positiv til framlegg om vedtektsendringane.

I samband med dei vedtektsendringane som styret i Hardanger og Voss museum har bede Hordaland fylkeskommune ta stilling til, ser fylkesrådmannen at tusenårsstaden kunsthuset Kabuso må inn i vedtektene, og legg såleis fram målet for verksemda som forslag til tilleggstekst under § 2.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar grunngjevinga for vedtektsendringane, og såleis forslag til vedtektsendringar, som vart gjort av styret i Hardanger og Voss museum på styremøtet 7. januar 2014. Desse omfattar §2, § 5, § 6, ny § 9, ny §10, §12, § 13.
2. I tillegg ber Hordaland fylkeskommune styret i Hardanger og Voss museum om at følgjande tekst vert teken inn i § 2 Føremål:

«Hardanger og Voss har ansvar for drifta av kunsthuset Kabuso, som skal formidla musikk, kunst og kulturimpulsar på høgt kvalitativt nivå, der kunsten mellom anna kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda. Kabuso skal arbeida i spenningsfeltet mellom tradisjon og samtid, og arbeida i nært samarbeid med kunstmuseum, festivalar og andre kulturinstitusjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt»

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar grunngjevinga for vedtektsendringane, og såleis forslag til vedtektsendringar, som vart gjort av styret i Hardanger og Voss museum på styremøtet 7. januar 2014. Desse omfattar §2, § 5, § 6, ny § 9, ny §10, §12, § 13.
2. I tillegg ber Hordaland fylkeskommune styret i Hardanger og Voss museum om at følgjande tekst vert teken inn i § 2 Føremål:

«Hardanger og Voss har ansvar for drifta av kunsthuset Kabuso, som skal formidla musikk, kunst og kulturimpulsar på høgt kvalitativt nivå, der kunsten mellom anna kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda. Kabuso skal arbeida i spenningsfeltet mellom tradisjon og samtid, og arbeida i nært samarbeid med kunstmuseum, festivalar og andre kulturinstitusjonar regionalt, nasjonalt og

internasjonalt»

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Astrid F. Selsvold gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i Hardanger og Voss museum. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar grunngjevinga for vedtektsendringane, og såleis forslag til vedtektsendringar, som vart gjort av styret i Hardanger og Voss museum på styremøtet 7. januar 2014. Desse omfattar § 2, § 5, § 6, ny § 9, ny §10, §12, § 13.
2. I tillegg ber Hordaland fylkeskommune styret i Hardanger og Voss museum om at følgjande tekst vert teken inn i § 2 Føremål:

"Hardanger og Voss har ansvar for drifta av kunsthuset Kabuso, som skal formidla musikk, kunst og kulturimpulsar på høgt kvalitativt nivå, der kunsten mellom anna kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda. Kabuso skal arbeida i spenningsfeltet mellom tradisjon og samtid, og arbeida i nært samarbeid med kunstmuseum, festivalar og andre kulturinstitusjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt."

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

12.05.2014

Hardanger og Voss museum har dei siste åra opplevd ei større endring i verksemda med nedlegging av ein barnevernsinstitusjonen knytt til Hardanger fartøyvernssenter. Museet har sidan konsolideringsprosessen i siste halvdel av 2000-talet vunne erfaringar med korleis styresamansetning og rådet fungerer. Museet har på eige initiativ tinga ei evaluering frå ein frittstående konsulent. Evalueringsrapporten vart ferdigstilt hausten 2013 og har mellom anna fokus på korleis museet fungerer i dag og kva for tiltak som bør gjennomførast for å betre styringsstrukturen. Denne internprosessen har no ført til forslag om endringar i vedtektene knytt særleg til styret og rådet. Desse vart handsama på styremøtet i Hardanger og Voss museum 7. januar 2014.

Hordaland fylkeskommune er eigar av Kunsthuset Kabuso, og er såleis ein av sju eigarar i den konsoliderte eininga Hardanger og Voss museum som er bede om å uttale seg om følgjande vedtektsendringar:

1. § 2 Føremål

Forslag om fjerning av tekst i tredje ledd:

Museet har også ansvar for eit sosialpedagogisk tilbod, retta i hovudsak mot vanskelegstilt ungdom
Styret i Hardanger og Voss museum vedtok nedlegging av den oppgåva Hardanger fartøyvernssenter hadde som offentleg godkjend barnevernsinstitusjon på møtet 3. desember 2012. Bakgrunnen for vedtaket var at Bufetat ikkje nytta institusjonsplassane. Museet har såleis ikkje lenger eit sosialpedagogisk tilbod.

2. § 5 Styret, ny tekst:

Styret har 7 medlemmer og 4 varamedlemmer som vert valde på følgjande måte:

1. 1 medlem med varamedlem vald av Hordaland fylkeskommune
2. 4 medlemmer og to varamedlemmer i prioritert rekkefylgje vald av rådet for Hardanger og Voss museum
3. 2 medlemmer med varamedlemmer vert valde av og mellom dei tilsette

Styret blir vald for 4 år rekna frå årsskiftet. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstida for representanten frå Hordaland fylkeskommune fylgjer den fylkeskommunale valperioden. Første gongen skal tre av styremedlemene, etter loddtrekking, veljast for 2 år. Styret bør vere representert med minst 40 % av kvart kjønn. Styre held møte når leiar finn det naudsynt eller når minst 3 av styremedlemene ber om det. Styret er vedtaksfør når minst 4 styremedlemmer er til stades på møtet. Ved likt røystetal har leiaren avgjerande røyst.

Endringane inneber ein reduksjon i talet på styremedlemmer frå 10 til 7. Oppnemninga av medlemene vert endra slik at rådet vel 4 medlemmer og to varamedlemmer. Talet på tilsettere representantar vert redusert frå 3 til 2. Målet for omlegginga er eit kompetansebasert styre. I evalueringa av Hardanger og Voss museum vurderer konsulent Trygve Nordby den eksisterande styringsstrukturen slik at den er bygd opp rundt dei gamle musea på ein måte som gjer det vanskeleg og samlast om felles mål. Ein manglar eit felles oppnemnande organ som kan sikre naudsynt breidde i kompetanse. Museet manglar forpliktande binding til dei kommunane som fell inn under museet sitt geografiske ansvarsområde.

§ 6 Styret sitt ansvar og mynde (tillegg i kursiv):

Styret er stiftinga sitt øvste organ, og skal leie arbeidet med stiftinga i samsvar med føremålet

Ny § 9 Rådet sitt ansvar og mynde

Rådet skal velje 4 styremedlemer og 2 varamedlemer i prioritert rekkefylgje til styret i Hardanger og Voss museum. Rådet vel styreleiari og nestleiar for 2 år av gongen. Rådet skal velje medlemer til valnemnda og utarbeide retningsliner/kompetansekrav for nemnda i samarbeid med styret. Rådet skal gje uttale til styret om: årsrekneskap og årsmelding, langtidsplanar og årsplanar, andre planar som styret legg fram for rådet. Rådsleiar kallar inn til møte i rådet minst ein gong i året, eller oftare dersom styret eller rådsleiareren finn det nødvendig.

I Rådet sit i dag alle ordførarane i Hardanger og Voss og representantar frå eigarstyra, til saman 20 representantar. Dei har møte ein gong årleg der dei får årsmelding og planar til uttale. Rådet bør få ein utvida funksjon som eit samla organ for å nemne opp medlemmer til styret i Hardanger og Voss museum. Rådet set og ned valnemnd og arbeider etter instruks frå styret.

Ny § 10 Valnemnd

Hardanger og Voss museum skal ha ei valnemnd med 3 medlemer. Valnemnda blir valt av rådet og sit i 3 år. Kvar år går den ut som har fungert lengst, dei to fyrste åra ved loddtrekking. Valnemnda si oppgåve er å førebu vala som skal utførast av rådet. Valnemnda arbeider etter instruks vedtatt av rådet.

Tillegg i § 12 Eigedom

Hardanger og Voss har eigedomsretten til museumsgjenstandar, eigedomar og bygningar innkjøpt etter 1.1. 2012.

Saka var til handsaming i eigarstyra i 2011 i samband med revidering av samarbeidsavtalane. Alle eigarstyra slutta seg til endringa og skreiv under ny samarbeidsavtale. Vedtektsendringa her er såleis ei harmonisering av denne endringa.

Endring i § 13 Vedtekstendringar

Elles kan styret, når alle møter, gjera vedtak om endring av vedtekter med 5 av 7 røyster

Endring frå 7 av 10 røyster til 5 av 7 røyster for vedtak om endring av vedtekter har naturleg samanheng med reduksjonen i talet på styremedlemmer

Med vedtektsendringane vil Hardanger og Voss museum få ein meir profesjonell og tilpassa styrestruktur som legg større vekt på kompetanse og medverknad enn gjeldande vedtekter.

Kunsthuset Kabuso er Hordaland fylkeskommune sin tusenårsstad. Hardanger og Voss museum har ansvar for drifta av kunsthuset. Offisiell opning var i januar 2006. Målformuleringane til Hordaland Fylkeskommune for Kabuso, slik dei kjem fram i signert avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Hardanger museum i 2006, er ikkje med i eksisterande vedtekter, og Hordaland fylkeskommune ser det som naturleg at dette kjem med i museet sin føremålsparagraf.